

## Retningslinjer for tilskudd til skogsvegar 2020, Vestnes kommune

Med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*.

*Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier* er styrande for all bygging av skogsvegar.

Informasjon om skogsvegar: [www.skogsvei.no](http://www.skogsvei.no)

### Generelle krav ut over det som er satt i landbruksforskrift:

- Søknadsfristar for tilskot: 15. mars og 15. august. Fortløpande vurdering av søknadar etter 15.august.
- Vegar med budsjettert kostnad over kr 300.000,- skal konkurranseutsetjast og byggeplanen skal vere utarbeid av godkjent vegplanleggar.
- Byggeplanen skal godkjennast av kommunen. Veggen skal ha godkjent byggeløyve frå kommunen.
- Lågaste bruksklasse for tilknytning til offentlig veg: BkT8
- Søknadar for anlegg med budsjettert kostnad lågare enn kr 20.000,- vert ikkje teken opp til behandling og tilskot mindre enn kr 10.000,- vert ikkje utbetalt.
- I bratt terreng må innvendig diameter på stikkrenner vere 400 mm eller større.
- I samråd med Fylkesmannen kan tilskot vert gjeve til ras- og vassikringstiltak.
- Prinsippa etter § 7 i Naturmangfaldlova skal følgjast.

### Grunnlag for prioritering av veganlegg for tilskot:

- Skogsbilvegar vert prioritert framfor traktorvegar.
- Veganlegg med lav byggekostnad pr m3 skogsvirke vert høgt prioritert.
- Veganlegg med stort volum med hogstmoden skog vert prioritert, alder på skog i forhold til bonitet er grunnlag for vurderinga, sjå vedlegg 1.
- Veg kl. 7 får høg prioritert om stort tømmer volum får vegløyving der skogsbilveg vert vanskeleg eller ikkje lar seg bygge.
- Vegar med grunnlag i jordskifte får prioritert framfor andre vegar om dei elles vert vurdert likt.
- Mindre anlegg som tar vekk grunnlaget for realistiske større fellesanlegg, vert gjeve redusert prioritert og tilskotsprosent.
- Enkle permanente traktorvegar, veg kl. 8 vert vurdert for tilskot etter 2. søknadsrunde.

### Tilskotssatsar:

- Skogsbilvegar, veg kl. 3 og 4 inntil 50% tilskot, veg kl. 5 inntil 45% tilskot.
- Sterke traktorvegar, veg kl. 7, 20 - 40% tilskot.
- Ekstra tilskot ved bruk av godkjent vegplanleggar: 3% for planlegging og 3% for byggeleing.
- Enkle traktorvegar, veg kl. 8, inntil 20% tilskot.

## Retningslinjer for tilskot til drift med taubane og anna 2020, Vestnes kommune.

Med heimel i *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.*

### Driftsformer som ordninga omfattar:

- Taubaner og slepebaner.
- Nødvendig manuell felling inn til hogstmaskin.
- Manuell hogst og utkøyring med småskala maskin/hest (motormanuell hogst).
- Transport lengre enn 1,3 km i terreng og på traktorveggar der det teknisk eller på grunn av små skogressursar ikkje er grunnlag for å bygge skogsbilveg.
- Drift av glissen skog (<8m<sup>3</sup>/da) på høg bonitet, G17 og høgare. Ekstra tilskot ved godkjent skifte til treslag som utnyttar vekstforholda optimalt.

### Generelle bestemmingar ut over det som er satt i landbruksforskrift:

- **Alle** driftstilskot skal verte søkt på og førehandsgodkjennast av kommunen.
- Ingen søknadsfrist, fortløpande behandling av søknadar.
- Prinsippa etter § 7 i Naturmangfaldlova skal følgast.
- Skogsvirke frå omsøkte drifter skal vere registrert i virkesdatabasen og det skal vere satt av **minimum 10% skogfond**.
- Driftstilskot vert ikkje gitt til barskog med minstealder lågare enn angitt etter bonitet i vedlegg 1.
- Tilskot til banedrifter berre der slikt utstyr er nødvendig på grunn av terreng og jordbunnsforhold.
- Det vert ikkje gitt driftstilskot til areal som etter hogst skal omdisponerast til andre føremål enn skogbruk.
- Maks 50% utbetaling av tilskot før opprydding og terrengskadar er reparert, og skal vere godkjent av kommunen.
- Forynging av hogstfeltet skal gjennomførast jamfør kapittel 3 i forskrift om berekraftig skogbruk.
- Minstebeløp for utbetaling av tilskot er kr 2.000,-
- To tilskotsordningar kan verte kombinert.

### Tilskotssatsar:

- Taubanedrift gran kr 100/m<sup>3</sup>, furu og lauv kr 100/m<sup>3</sup>.
- Manuell felling til hogstmaskin kr 30/m<sup>3</sup> og motormanuell hogst kr 40/m<sup>3</sup>.
- Driftsveglengde over 1,3 km kr 20,-/m<sup>3</sup> og over 2 km kr 40,-/m<sup>3</sup>.
- Drift av glissen skog (<8m<sup>3</sup>/da) på høg bonitet (G17 og høgare) kr 50,- for furu og kr 100,- for lauv. Satsane vert auka til kr 100,- og 150,- om treslagskifte vert gjennomført.

Vestnes kommune har ved første tildelingsrunde 2020 fått kr 300.000,- til skogsvegar og driftstilskot. Kommunen har i samråd med styret for Vestnes skogeigarlag gjort ei foreløpig fordeling av midlane:

- Kr 200.000,- til skogsvegar.
- Kr 100.000,- til driftstilskot.

**Finansiering av større vegganlegg er mogleg ved tidleg dialog med Fylkesmannen!**

### Vedlegg 1

Bonitet	Lågaste bestandsalder for driftstilskot
G23	60
G20	65
G17	70
G14	75

Døme: Driftstilskot vert ikkje gitt til en 50 år gammal granplanting på bonitet G20.

Kommunen kan fråvike alderskravet f. eks ved skogskader.

## Søknadsskjema om driftstilskot 2020 Vestnes kommune:

Søker:

Gnr/bnr:

Bonitet og alder på skogen:

Taubanedrift gran, tall m3:

Taubanedrift furu og lauv, tall m3:

Nødvendig manuell felling til hogstmaskin, tall m3:

Manuell hogst og framkøying med traktor/minilassberar/hest, tall m3:

Driftsveglengde over 1,3 km, tall m3:

Driftsveglengde over 2 km, tall m3:

Drift av glissen skog (<8m3/da) på høg bonitet (G17 og høgare):

Tall m3 furu:

Tall m3 lauv:

Drift av glissen skog (<8m3/da) på høg bonitet (G17 og høgare) med treslagskifte:

Tall m3 furu:

Tall m3 lauv:

Skogvirket vil bli registrert i virkesdatabasen? Ja /nei (stryk det som ikkje passar)

Det vil bli trekt minimum 10% skogfond? Ja / nei

Hogstarealet skal foryngast på tilfredsstillande måte? Ja / nei

Kart med innteikna driftsområde skal leggast ved søknaden.

Signatur søker:

Dato: